



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Luftfartstilsynet
Postboks 243
8001 BODØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:

16/90-6/K2 - N42/LPR

Direkte innval:

56 52 70 55

Stad/Dato:

13.05.2016

Visar til høyring vedkommande søknad om dispensasjon frå kravet om konsesjon for landingsplass i Ulvik. Formannskapet i Ulvik herad har no handsama søknaden. Vedtak og sakspapir fylgjar her under:

Scandinavian Skies AS – Høyring vedkommande dispensasjon frå kravet om konsesjon

Formannskap - 022/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Vedtak:

Ulvik herad er imøtekommande til at det kan gis dispensasjon frå konsesjonskravet til Scandinavian Skies AS. Initiativet kan verta positivt for fleire bedrifter i bygda. Heradet støtter søknaden under føresetnad av at dispensasjonen vert tidsavgrensa til maksimalt 2 år, og at dispensasjonen ikkje vert forlengja før det er utarbeida støyberekning for landingsplassen.

Tal flybevegelsar per veke skal rapporterast til Ulvik herad innan 1. nov. kvart år.

Avgang, landing, parkering og ilandsetjing av passasjerar skal skje i henhald til føresegnene i gjeldande reguleringsplan for Ulvikpollen.

Ein eventuell dispensasjon skal ikkje vere til hinder for at andre kan nytte landingsplassen.

Kystverket må høyrast i saken.

Med helsing

Lars Præstiin
skogbrukssjef



E-post

ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928

Kopi til:

v/Petter Dale Scandinavian
Skies

Luftfartstilsynet Karl-Erik
Skjong

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommunen
Scandinavian Skies AS

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	11.05.2016	022/16

Sakshandsamar	Arkiv:	Arkivsaknr
Præstiin, Lars	K2 - N42	16/90 - 4

Scandinavian Skies AS – Høring vedkommande dispensasjon frå kravet om konsesjon

Sakstilfang:

- 19.04.2016 Vedkommande høring om dispensasjon frå kravet om konsesjon for landingsplassen i Ulvikfjorden, Scandinavian Skies AS
- 13.04.2016 Høring - søknad om dispensasjon fra kravet om konsesjon for landingsplass i Ulvik kommune
- 23.02.2016 Dispensasjon fra kravet om konsesjon

Saksutgreiing:

Scandinavian Skies AS v/Petter Dale søkjar luftfartstilsynet om dispensasjon frå kravet om konsesjon til landingsplass i Ulvikpollen. Luftfartstilsynet ber Ulvik herad gje ein høyringsuttale til søknaden. Heradet har fått høyringsfrist til 13. mai. Scandinavian Skies vil tilby rundflyging (sightseeing), taxiflyging og hotell shuttle med sjøfly. Selskapet har base i Bergen. Sommarsesongen 2016 skal vere ein prøvesesong, der selskapet testar ut marknaden for denne type tenester. Kravet om konsesjon gjer seg gjeldande når tal flybevegelsar på ein naturleg landingsplass overskrider 12 per veke (dvs. 6 landingar og avgangar). Scandinavian Skies håper det vil vere etterspørsel for meir enn 12 flybevegelsar per veke i Ulvik. – Kanskje opp i mot 10 flybevegelsar per dag på dei mest aktive dagane, men det vil også vere dagar heilt utan trafikk vurderer selskapet. Luftfartstilsynet føreslår på det grunnlag å avgrense tal flybevegelsar per veke til maksimalt 50, dersom dei gir dispensasjon frå konsesjonskravet.

Scandinavian Skies har inngått samarbeidsavtale med B-Nature/B-Active ved Robert Koesharto. Koesharto gjer det klart at Scandinavian Skies sitt tilbod vil vere eit verdifult supplement til reiselivstilbodet i Ulvik med positive ringverknader for mange bedrifter i bygda, ein vinn-vinn situasjon. Han ber Ulvik herad vise velvilje til søknaden.

Vurdering:

Status for flystripene i Ulvikpollen per d.d.

I reguleringsplanen for Ulvikpollen er det innteikna to landingsstriper for sjøfly (T1 og T2) og ein sjøflyhamn (T3). Føremålet med reguleringsplanen er å regulera bruken i Ulvikpollen av omsyn til

tryggleiken for ulike brukargrupper og for å minka støyulempene med sjøflytrafikken. Det er gitt føresegner til bruken av landingsstripene som følgjar:

For område T1 gjeld at det ikkje er tillate med avgang mellom kl. 2130 og kl. 0800 på kvardagar og mellom kl. 2130 og kl. 1230 på sun- og helgedagar.*

For område T2 gjeld at det er høve til å letta på kvardagar mellom kl. 0800 og kl. 1700.

Når cruisebåtar ligg oppankra ved oppankringsplass i fjorden, har skipet og tilhøyrande redningsbåtar 1. prioritet. Sjøfly må vike for desse og berre lande dersom fartøya ligg utanfor landingsstripa og i sikker avstand frå denne.

*(T1 ligg lengst ute i fjorden).

Reguleringsplanen er frå 2001. På det tidspunkt hadde Ulvik Sjøflyplass konsesjon frå luftfartstilsynet til å drive landingsplass i Ulvikpollen. Men konsesjonen var tidsavgrensa med vilkår om at aktøren skulle utarbeide ein støyberekning for landingsplassen før ny konsesjon kunne gis. Støyberekninga vart, etter det me kan sjå, aldri gjennomført. Konsesjonen frå luftfartstilsynet utløp per 1.4.2003, og Kystdirektoratet sitt løyve til landingsstripene gikk ut per 1.1.2005.

Forskrift om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1) definerer flystripene i Ulvikpollen som «*naturlig landingsplass*». Naturlege landingsplasser har fritak frå krav om konsesjon så lenge det ikkje skjer meir enn 12 flybevegelsar på plassen per veke. To striper som ligg nærmare kvarandre enn 1 km reknast i denne samanheng som ein og same landingsplass. Ved meir enn 12 flybevegelsar i veka krevjast det konsesjon frå luftfartsmyndigheten. Konsesjonæren må då ha eksklusiv rett til å nytte området som landingsplass. Men Luftfartstilsynet kan, når forholda tilseier det, dispensere frå kravet om konsesjon i medhald av luftfartsloven § 7-5 andre ledd.

Vurdering

Tilbodet til Scandinavian Skies vurderast som positivt for deler av næringslivet i Ulvik, det kan bidra til å skape aktivitet i bygda. Men per dags dato er det ikkje opning for meir enn 12 flybevegelsar per veke.

Reguleringsplanen synast likevel å ha blitt lagd med tanke på eit noko høgare flytrafikknivå. Det er difor uheldig at det ikkje er gjennomført støyberekning på flystripene. Ulvikpollen ligg rett att med Ulvik sentrum og er omkransa av bustadhus.

Støyberekning kan openbart vere ein stor investering for eit nystarta selskap. Dispensasjon frå konsesjonskravet i ein prøveperiode kan vere ein hjelp i startfasen. Men ein slik dispensasjon må vere tidsavgrensa til maksimalt 2 år, og dispensasjonen bør ikkje kunne forlengjast utan at det først er gjennomført støyberekning. Flyparkering og ilandsetjing av passasjerar skal berre skje i område avmerkt som sjøflyhamn i plankartet.

Dersom det vert gjeve dispensasjon frå konsesjonskravet ønskjer Ulvik herad å få tilsendt ein rapport etter kvar sesong, som syner tal flybevegelsar per veke gjennom sesongen. Avgang og landing må skje i henhald til føresegnene i reguleringsplanen.

Ein eventuell dispensasjon skal ikkje vere til hinder for at andre også kan nytte landingsplassen. Kystverket må høyrast før endeleg dispensasjon vert gitt.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad er imøtekommande til at det kan gis dispensasjon frå konsesjonskravet til Scandinavian Skies AS. Initiativet kan verta positivt for fleire bedrifter i bygda. Heradet støtter søknaden under føresetnad av at dispensasjonen vert tidsavgrensa til maksimalt 2 år, og at dispensasjonen ikkje vert forlengja før det er utarbeida støyberekning for landingsplassen.

Tal flybevegelsar per veke skal rapporterast til Ulvik herad etter kvar sesong.

Avgang, landing, parkering og ilandsetjing av passasjerar skal skje i henhald til føresegnene i gjeldande reguleringsplan for Ulvikpollen.

Ein eventuell dispensasjon skal ikkje vere til hinder for at andre kan nytte landingsplassen.

Kystverket må høyrast i saken.

11.05.2016 Formannskap

Framlegg frå Stig Yngve Røkenes, H på redaksjonell endring til avsnitt 2: innan 1. nov. kvart år.

Røysting over framlegg frå rådmannen med redaksjonell endring:

4 røyster, Ap, H, Sp og V for rådmannen sitt framlegg som vart vedteke.

1 røysta imot, Guro Ljone SV

FSK- 022/16 Vedtak:

Vedtak:

Ulvik herad er imøtekommande til at det kan gis dispensasjon frå konsesjonskravet til Scandinavian Skies AS. Initiativet kan verta positivt for fleire bedrifter i bygda. Heradet støtter søknaden under føresetnad av at dispensasjonen vert tidsavgrensa til maksimalt 2 år, og at dispensasjonen ikkje vert forlengja før det er utarbeida støyberekning for landingsplassen.

Tal flybevegelsar per veke skal rapporterast til Ulvik herad innan 1. nov. kvart år.

Avgang, landing, parkering og ilandsetjing av passasjerar skal skje i henhald til føresegnene i gjeldande reguleringsplan for Ulvikpollen.

Ein eventuell dispensasjon skal ikkje vere til hinder for at andre kan nytte landingsplassen.

Kystverket må høyrast i saken.